



Norsk kulturråd - Musikkseksjonen

Dato: 03.04.2017

Vår ref.: 2017/2468-2

Saksbehandlar: tonhaug

Dykkar ref.:

## Høyringsuttale frå Hordaland fylkeskommune vedr. utvikling av strukturen i regionale kompetansesentra, sjangersentra og kompetansenettverk for musikk

Hordaland fylkeskommune takkar for invitasjonen til å kome med innspel til rapporten om utvikling av strukturen i regionale kompetansesentre for musikk og prosessen rundt dette.

Vi ser fleire interessante problemstillingar som vert peika på i denne rapporten, men også nokre mindre relevante motsetnader ol som vert teke fram. Det er forståeleg, og kan hende naudsynt, at ein ser på dette feltet meir strukturelt. Det må likevel erkjennast at desse sentra har vokse fram ut frå ulike regionale behov, føresetnader og initiativ. Ein ser på jazz som ei kunstform som i svært få tilfelle kan overleve og utvikle seg utan offentleg støtte. Sjangersentra (som jazzsentra) sitt hovudsokus skal vere å støtte utvikling av sjangeren som kunstnarleg uttrykk og legge til rette for formidling av dette. Kompetansesentra (som Brak) har eit meir bransjeretta fokus og bruker eit meir næringspolitisk omgrepssapparat om si verksemd.

Oversikta i rapporten viser at det svært ulikt i kva grad kommunar og fylker deltek i finansiering av kompetanse- og sjangersentra. Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune og var medverkande til etableringa av var Brak og Vestnorsk jazzsenter som pilotar i landssamanhang, og vi ser at vi er den regionen med sterkest finansiell medverknad. «Brakmodellen» har også vore utgangspunkt for liknande strukturar innan andre kunstfelt, slik som Proscen(scenekunst) og VISP(visuell kunst). Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune må difor vere ein tydeleg partnar i gjennomgangen av desse strukturane og arbeidet med ei evt. omlegging / justering av desse.

Når det gjeld kompetansenettverka, og kravet som der vart lagt inn om 40% regional finansiering, var ikkje Hordaland fylkeskommune kjend med dette før løyingar frå staten vart gjort. Fylkeskommune og kommunen oppfyller her kva som er pålagt, men vi ser ikkje noko klårt skilje mellom den aktiviteten som går føre seg i VRAK og elles i Vestnorsk jazzsenter eller Brak. Ein kan sjå det som at det er strukturen kompetansenettverk som har gjort feltet lite oversiktleg og tvunge fram denne gjennomgangen.

- Hordaland fylkeskommune ser både Brak og Vestnorsk jazzsenter som viktige aktørar i vår regionale kulturpolitikk. Begge er viktige reiskap for å oppnå eit regionalt kunstløft, også innanfor det frie, profesjonelle kunstfeltet, slik det er vedteke i vår regionale kulturplan *Premiss:kultur*.
- I tråd med rapporten ser Hordaland fylkeskommune det som at Vestnorsk Jazzsenter og Brak er kostnadseffektive og med ein liten administrasjon gjer eit arbeid der midlane i stor grad kjem musikarane og musikklivet i regionen direkte til gode. Det er viktig å ikkje bygge opp nokon motsetnad og kamp mellom sjangrar då desse sjangrane i utgangspunktet er musikkformer som er lågt offentleg finansiert.

- Som rapporten peiker på hadde etableringa av desse ulike strukturane ulik politisk grunngjeving, og Hordaland fylkeskommune opplever at dei forsett utfyller kvarandre på ein god måte og jobbar godt saman der det er naturleg. Vi ser difor ikkje at ei samanslåing av desse utan vidare er hensiktsmessig, og at dei kvar for seg og i samarbeidsprosjekt kan vidareutvikle seg på ein god måte.
- Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune må vere aktive partnarar i ei evt. omstrukturering av sjanger- og kompetansesentra i fylket. Hordaland fylkeskommune er interessert i å gjennomgå verksemda og organiseringa til Brak og Vestnorsk jazzsenter for å sjå på korleis dei kan vidareutvikle, samkøyre og optimalisere sine oppdrag til beste for musikklivet på Vestlandet.
- Sjangersentra må ha ei vid portefølje av verkemiddel innretta både mot musikarar og arrangørar, og må ha ei organisering som sikrar transparens og innflytelse frå aktørane i feltet.
- Folkemusikk har gjennom mange år vore ei viktig satsing for Hordaland fylkeskommune, og eit viktig punkt i vår regionale kulturplan *Premiss:kultur*. Vi vil sjå på korleis ein tettare kan knyte kontakt mellom dette miljøet og tiltaka som allereie finst og Vestnorsk jazzsenter og Brak.
- Vestnorsk jazzsenter og Brak har kompetanseheving for musikarane og arrangørar som ei kjerneoppgåve, og Hordaland fylkeskommune ser det som viktigast at midlar kjem dette formålet til gode, uavhengig av kva strukturar og nettverk som måtte vere høveleg. Vi ser ikkje at dette er avhengig av strukturen VRÅK.
- Hordaland fylkeskommune saknar eit internasjonalt perspektiv i rapporten. Både Vestnorsk jazzsenter og Brak har vore viktige medspelarar for at musikk frå Hordaland, Vestlandet og Noreg elles har gjort seg gjeldande internasjonalt. Det ville vore bra om det frå Kulturrådet vart reflektert rundt kva roller dei tenkjer sjangersentra og kompetansesentra kan og bør spele i forhold til dette.

*Denne fråsegna er sendt med etterhald om politisk vedtak i Hordaland fylkeskommune sitt Utval for Kultur, idrett og regional utvikling 26.april. Møtebok frå utvalet vert ettersendt.*

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør for kultur og idrett

Ronny Skaar  
Seksjonsleiar/Utviklingssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*